

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Uskedalen 18.11.2015

Referat frå styremøte tysdag 17.11.2015

Biblioteket, Husnes kl. 18.00

Møtt: Steinar Bjørkelund, Gunnar Våge, Anna Prestnes, Bjarte Solheim, Dagfinn Gjerde, Anbjørn Høivik

Forfall: Henriette Seim (vara ikkje kalt inn grunna kort varsel)

1. Referat frå førre møte

Gjennomgang av referat frå styremøtet 29.09.2015. Godkjent.

2. Idrettsstipend

Styret drøfta innretting av idrettsstipend for Kvinnherad. Det er semje om at stipendet skal ha to delar; ein del for utøvarar med elitepotensiale og ein del som premierer barne-/ungdomsaktivitetar. Status og vegen vidare: Bjarte samlar døme frå andre idrettsråd og byrjer å laga framlegg til statuttar til elitedelen, Anbjørn gjer det same for barn/ungdomsdelen. Saka vert følgt opp på neste styremøte med målsetting om endeleg vedtak på årsmøtet 2016.

3. Valkomite 2016

Agnar Melkersen (Trio) vart fremja som kandidat til den tredje plassen i valkomiteen og han vart samrøystes vald. Frå før er Per Myklebust og Jeaneth Sundal Rangsæter valde: Jeaneth vert beden om å leia valkomiteen sitt arbeid.

4. Lokale aktivitetsmidlar 2015

Styret gjorde samrøystes vedtak om kriterium og fordeling.

Kriterium for fordeling av lokale aktivitetsmidlar 2015:

Grunnlag for utrekninga er aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei ligg føre i SportsAdmin i november 2015. Retningslinene frå KUD og NIF vert lagt til grunn. Alle idrettslag med barne- og/eller ungdomsaktivitetar får eit grunnbeløp på kr. 1.000,-. Dei resterande midlane vert fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år).

Samla sum til fordeling i 2015 er kr. 855.371,- og midlane vert fordelt slik:

Idrettslag:	Beløp:
Folgefonn RC-klubb	1.272
Halsnøy IL	99.012
Halsnøy OL	2.089
Herøysund IL	27.681
Husnes Karate Klubb	8.623
Kvinnherad Badmintonklubb	2.089
Kvinnherad Golfklubb	16.246
Kvinnherad Håndballklubb	60.896
Kvinnherad Roklubb	3.178
Kvinnherad Undervannsklubb	3.723
Matre IL	20.603
Omvikdalen IL	2.089
Perlo kajakkubb	5.628
Rosendal Rideklubb	16.791
Rosendal TL	127.055
IL Strand-Ulv	64.164
IL Ternen	17.063
IL Trio	314.639
Uskedal IL	62.530

5. Lover for Kvinnherad idrettsråd

Framlegget har vore på høyring. Fristen gjekk ut 5. november og berre idrettskrinsen har gitt uttale. I mellomtida har idrettstinget vedteke ny lovnorm. Styret legg fram den nye lovnorma som si innstilling til årsmøtet. Anbjørn ber krinsen klargjera bedriftsidretten sin status i idrettsrådet.

6. Årsmøte 2016

- Tid og stad for årsmøtet: Tysdag 24. mai kl. 18 på rådhuset i Rosendal.
- Annonsering, innkalling, skala for representasjon mm. vert avgjort på neste styremøte.
- Setja valkomiteen i arbeid og informera bedriftsidrettslaga om styrerepr. (Neste styremøte.)
- Lover for KIR (sjå førre sak)
- Årsrekneskap og årsmelding (skal signerast av heile styret). Rekneskap til revisor. (Neste styremøte.)
- Budsjett 2016. Førebels budsjett vert behandla av styret i første møte etter årsskiftet.
- Arbeidsprogram 2016/2017 (styret legg opp til toårig arbeidsprogram) (Neste styremøte.)
- Valkomite til årsmøtet 2017 (Neste styremøte.)
- Saker til behandling:
 - Kontingentsats
 - Idrettsstipend
 - Kriterium for fordeling av lokale aktivitetsmidlar
- Fullmakter til det nye styret:
 - Fullmakt til å oppdatera lova i samsvar med framtidig endringar i lovnorma til NIF (jf. § 16 pkt. 7)

7.Ymse

- Inntrykk frå idrettsrådskonferansen 6. – 7. november, Bergen . Steinar orienterte.
- Fakturering av medlemskontingent: Gunnar sender ut før jul.
- Folgefonna IL har søkt om å verta oppløyst, og dette har Hordaland idrettskrins godkjent 05.11.2015 jf. e-post same dag.
- Rekneskapsprogram: Vi satsar på vanleg rekneark til rekneskap og eit gratisprogram til fakturering.
- Medaljar til kvinnheradsmeisterskap: Tdilegare leverandør har gått inn. Sist vart det laga 800 gull, 500 sølv og 200 bronse. Gunnar innhentar pris frå ny leverandør. KIR sender søknad til Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad om dekking av utgiftene.
- Spørsmål til krinsen: Kan styret peika ut delegatar til idrettskrinstinget 9. april, sidan årsmøtet ikkje vert halde før i mai? Anbjørn følgjer opp dette.

9. Neste møte

Slutten av januar eller tidleg februar 2016.

Ref. Anbjørn Høivik,
leiar

Rullert aksjonsliste

Nr.	Aktivitet	Ansvarleg	Medansvar	Innan
2	Idrettsstipend	Bjarte	Anbjørn	Løpande
3	Etablering av vedtekter for idrettsrådet	Anbjørn		Mai 16
4	Tredje person til valkomiteen. Peika ut leiar.	Dagfinn	Anna	29.09.15
5	Heimeside og Facebookside på lufta	Anna	Anbjørn	15.10.15
7	Lokalidrett/barnefattigdom. Kontakt med kommunen	Anbjørn		Løpande
9	Fordeling LA-midlar 2015	Gunnar		04.12.15
12	Deltaking på idrettsrådskonferansen 2015	Steinar	Anbjørn	07.11.15
13	Anleggskonferanse for Kvinnherad	Anbjørn		?
14	Medlemer til valkomite 2017	?	?	24.05.2016
15	Informasjon om KIR til det nye kommunestyret	Anbjørn		31.12.2016
16	Deltaking i årsmøta til medlemslaga	Alle		31.03.2016